

Årsmelding for Ervik sokneråd – 2017

Soknerådet:

Leiar:

Magnar Barmen, 1. vara til fellesrådet

Nestleiar:

Kirsti Stave Stevik, medlem fellesrådet, trusopplæring, medlem kyrkjeleg fellesnemnd Eid-Selje

Skrivar:

Sylvi Olsson, 2. vara fellesråd, medlem kyrkjeleg fellesnemnd Eid-Selje, varakontakt Kirkens Nødhjelp, diakoninemnd, medlem musikkutvalet

Kasserar:

Hilde Johanne Vik Gloppestad, trusopplæring

Medlem:

Anne-Marie Aarvik, diakoninemnd

Medlem:

Åge Ervik, medlem fellesrådet, kontakt Kirkens Nødhjelp

Varamedlemmar: Karina Årvik, Geir Ole Ervik, Oddvin Honningsvåg, Ivar Hoddevik

Aktivitet:

Tal soknerådsmøte: 7

Saker: Det vart handsama 34 saker i soknerådsmøta. Vi vil spesielt nemne vedtak om kven som skulle få offergåver dette året, bispevisitasen 3.-7. mai, samarbeid med Filadelfia om bibeldagen, uttale i tilsetjingssak, vedlikehald av kyrkja, gudstenesteplanen for 2018, førebuing av årsfesten, strategidokument (aktivitetsplan).

Diakoni: Det vart arrangert strikkekafé i bygdehuset, til saman 5 gongar i løpet av året. Lillian Nygård og Lilly Årvik har deltatt med lesing. Talet på deltakarar har vore 10-13.

Misjonsprosjekt: På årsfesten i 2017 vart det bestemt at vi skulle ta fatt på eit nytt misjonsprosjekt i Liberia, dette etter at vi hadde hatt samtalar med Misjonsalliansen som fortalde om store behov i Liberia etter årelang borgarkrig. Soknerådet har inngått avtale med Misjonsalliansen fram til 2019 i første omgang.

Vi syng jula inn på julaften, eit tiltak som er sett pris på. Per Stave er drivkrafta i dette tiltaket.

Salmekveldar: 2, ein i samband med bispevisitasen og ein i november der Stadlandet gospelkor deltok.

Tal frå årsstatistikken 2017

Gudstenester: 19 (2 mindre enn året før). Besøkstalet gjekk litt ned, men det let seg stort sett forklare med at det var færre gudstenester. Gudstenester med nattverd auka med 2 frå 2016, og mange fleire gjekk til nattverd i 2017 (over 70% fleire).

Offergåver: Det kom inn 59 168,- kr i 2017, 45 038,- i 2016.

Givartenesta: Gjennom givartenesta kom det inn 13 100,- kr til kyrkja. Desse pengane går direkte til kyrkja.

Konsertar: I fjor vart det arrangert 2 konsertar. DROPS hadde ein konsert der dei gav overskotet til nytt orgel i kyrkja. Frisk Bris frå Selje hadde sin tradisjonelle julekonsert.

Anna:

- Fordi kyrkjeorgelet vårt ikkje fungerer lenger, bestemte vi at vi måtte samle inn pengar til nytt orgel. Men før vi kom skikkeleg i gong med det, fekk vi den gledelege meldinga om at Stig Ervik og Kjell Magne Ervik vil gi inntil 250 000,- kr til nytt orgel. Dette betyr at nytt orgel vil vere på plass mykje raskare enn vi kunne drøyme om. I tillegg har vi fått to gåver tidlegare på ca 20 000 kr. Vi har hatt ofring til same føremål. Organisten har begynt arbeidet med å finne ut kva orgel som kan vere aktuelle for oss. Det vert laga ei nemnd som skal arbeide med saka.
- Soknerådet kjøpte ny steammaskin til kjøkenet dette året då den gamle ikkje let seg reparere lenger. Vi har også fornya litt anna utstyr på kjøkenet. Ute har vi fått reparert lyssettinga av kyrkja og sett inn ledpærer som dreg mindre straum.
- Soknerådet er opptatt av vedlikehaldet av kyrkja. Blant anna ser vi at det trengst vedlikehald av veggens sørover der muren sprekk og armeringsjernet kjem til syne.
- Vi gler oss også over at Normisjonen er aktiv her på Ytre Stad. Her vil vi spesielt nemne Flexikvelds for heile familien.
- Ei av oppgåvene til soknerådet, er å få fleire til å kome til kyrkje. Her må soknerådet i samarbeid med presten, tenke ut gode idear som gjer at fleire kan få oppleve at det godt å gå til og delta i kyrkja.
- Av aktivitet vi kunne tenke oss, er blant anna ein juletreffest for bygdene her ute. Vi satsar på at vi skal få til det jula 2018.

Ervik

Sylvi Olsson (leiar)